



PROTOKOLL FOR UTVAL FOR LOKAL UTVIKLING

Møtenr.: 2
Møtedato: 05.03.2026
Tidspunkt: 13:00 – 14:56
Stad: Formannskapssalen

Desse møtte:

	Desse møtte
AP	Kjell Olav Stangeland
FRP	Thor Inge Kalberg
H	Iren Lassen
H	Pål Undheim
SV	Øystein Nereng

	Forfall		Som vara møtte
H	Rein Harald Salte	H	Kristin Haller Kvernelad
KRF	Gunnar Bjorland Stone	KRF	Kristin Lende
SP	Jone Fosse	SP	Signhild Stave Samuelsen
V	Endre Vollsund	V	Frits Kverneland

Kommunalsjef Reid Ivar B. Dahl, plan og forvaltningssjef Martin Tengedal
Torstenbø, og utvalssekretær Karina A. Haugland.

Bryne, 05.03.2026

Thor Inge Kalberg
møteleiar

Karina Arntzen Haugland
utvalssekretær

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
016/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
017/26	KLAGE PÅ PÅLEGG OM RETTING OG ILEGGING AV TVANGSMULKT. GNR. 6 BNR. 10, HAUGLANDSVEGEN 161
018/26	KLAGE PÅ AVSLAG PÅ SØKNAD OM LØYVE OG DISPENSASJON FOR DELING. GNR. 52 BNR. 15 OG GNR. 44 BNR. 9 OG 12
019/26	2. GONGSBEHANDLING - PLAN 0553.00 - DETALJREGULERING FOR KOLONIHAGEHYTTER, HÅLAND
020/26	2. GONGSHANDSAMING AV PLAN 0560 BUSTADER PÅ REE
021/26	ENDRING AV PLAN 0076.00 LYE SENTRUM - TILBYGG TIL LYEHALLEN
022/26	HØYRING - NAMN PÅ NYE ADRESSEPARSELLAR - 0541.00 OMRÅDEPLAN FOR BL1, BLF1 OG GL2 SØR FOR LYEVEGEN, LYEFJELL
023/26	HØYRING - NAMN PÅ NYE ADRESSEPARSELLAR - REGULERINGSPLAN 0448.00 DETALJREGULERING FOR KONSENTRERT BEBYGGELSE NORDVEST FOR LØBERG, LYEFJELL
024/26	VEGRAPPORT 2025/2026 - STATUS OG UTVIKLING PÅ DET KOMMUNALE VEGNETTET
025/26	REVIDERING AV KULTURPRISANE OG NYTTÅRSMOTTAKINGA - TIME KOMMUNE
026/26	REFERATSAKER
027/26	DELEGERTE SAKER
028/26	INNSPEL TIL FYLKESKOMMUNEN SITT HANDLINGSPROGRAM FOR SAMFERDSEL

016/26 : Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren si innstilling

Protokoll frå møte 29.01.2026 vert godkjent.

Utval for lokal utvikling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 016/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 29.01.2026 vert godkjent.

017/26 : Klage på pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Gnr. 6 bnr. 10, Hauglandsvegen 161

Kommunedirektøren si innstilling

Utval for lokal utvikling tar ikkje klage i frå Fredrik Stensland mottatt 26.01.2026 til følgje og opprettheld vedtak gjort i delegert sak 041/26 av 22.01.2026.

Utval for lokal utvikling gir ikkje utsett iverksetting av vedtaket inntil klagesaka er endeleg behandla, jf. forvaltningslova § 42.

Saka blir sendt over til Statsforvaltaren i Rogaland for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Utval for lokal utvikling

Desse dokumenta vart lagt ved saka og sendt ut i etterkant: Klage på pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt frå adv. Lise O. Hegre, datert 18.02.2026, kommunen sitt vedtak om utsett iverksetting av vedtak og tilbakemelding på klageskriv, datert 27.02.2026 og kommunedirektøren si nye innstilling datert 02.03.26:

Kommunedirektøren si nye innstilling

Utval for lokal utvikling tar ikkje klage i frå Fredrik Stensland mottatt 26.01.2026 til følgje og opprettheld vedtak gjort i delegert sak 041/26 av 22.01.2026.

Utval for lokal utvikling opprettheld administrasjonen si avgjerd om å gi utsett iverksetting av vedtaket etter forvaltningslova § 42. Det blir ikkje gitt utsett iverksetting av den delen av pålegget som gjeld avbøtande tiltak for å hindra avrenning mot naboeigedommar.

Saka blir sendt over til Statsforvaltaren i Rogaland for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Kommunedirektøren si nye innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 017/26 Vedtak:

Utval for lokal utvikling tar ikkje klage i frå Fredrik Stensland mottatt 26.01.2026 til følge og opprettheld vedtak gjort i delegert sak 041/26 av 22.01.2026.

Utval for lokal utvikling opprettheld administrasjonen si avgjerd om å gi utsett iverksetting av vedtaket etter forvaltningslova § 42. Det blir ikkje gitt utsett iverksetting av den delen av pålegget som gjeld avbøtande tiltak for å hindra avrenning mot naboeigedommar.

Saka blir sendt over til Statsforvaltaren i Rogaland for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

018/26 : Klage på avslag på søknad om løyve og dispensasjon for deling. Gnr. 52 bnr. 15 og gnr. 44 bnr. 9 og 12

Kommunedirektøren si innstilling

Utval for lokal utvikling tar ikkje klage i frå Ingve Reime mottatt 26.01.2026 til følge og opprettheld vedtak gjort i delegert sak 004/26 av 05.01.2026.

Saka blir sendt over til Statsforvaltaren i Rogaland for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Utval for lokal utvikling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 018/26 Vedtak:

Utval for lokal utvikling tar ikkje klage i frå Ingve Reime mottatt 26.01.2026 til følge og opprettheld vedtak gjort i delegert sak 004/26 av 05.01.2026.

Saka blir sendt over til Statsforvaltaren i Rogaland for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

019/26 : 2. gongsbehandling - Plan 0553.00 - Detaljregulering for kolonihagehytter, Håland

Kommunedirektøren si innstilling

Time kommunestyre godkjenner forslag til Plan 0553.00 - Detaljregulering for kolonihagehytter, Håland, datert 22.01.2026, med tilhørende føresegner datert 03.02.2026.

Vedtaket er gjort i medhald av §12-12 i plan- og bygningslova.

Utval for lokal utvikling

Forslag frå Signhild Stave Samuelsen (Sp)

Time kommunestyre godkjenner ikkje forslag til Plan 0553.00 - Detaljregulering for kolonihagehytter, Håland, datert 22.01.2026, med tilhørende føresegner datert 03.02.2026.

Grunngjeving: Kombinasjonen av det store talet på hytter, for lite dyrkingsareal per parsell og manglande høve til å stilla krav til dyrking på parsellane gjer at prosjektet reelt ikkje kan reknast for å vera ein kolonihage.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 7 røyster, medan 2 røysta for Signhild Stave Samuelsen sitt forslag (Sp, Sv).

ULK - 019/26 Vedtak:

Time kommunestyre godkjenner forslag til Plan 0553.00 - Detaljregulering for kolonihagehytter, Håland, datert 22.01.2026, med tilhørende føresegner datert 03.02.2026.

Vedtaket er gjort i medhald av §12-12 i plan- og bygningslova.

020/26 : 2. gongshandsaming av Plan 0560 Bustader på Ree

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret godkjenner forslag til Detaljregulering for bustader på Ree, plan 0560, med plankart datert 22.01.2026, føresegn datert 09.02.26 og planomtale datert 26.01.2025.

Vedtaket er gjort i medhald av pbl. § 12-12.

Det skal inngåast utbyggingsavtale mellom Time kommune og utbyggjar etter at reguleringsplanen er vedteken. Avtalen skal regulere opparbeiding og finansiering av offentlege og private kommunaltekniske anlegg innafor og i tilknytning til planområdet.

Utval for lokal utvikling

Forslag frå Øystein Nereng (SV)

Kommunestyret godkjenner ikkje forslag til Detaljregulering for bustader på Ree, plan 0560, med plankart datert 22.01.2026, føresegn datert 09.02.26 og planomtale datert 26.01.2025. Området tilbakeføres til LNFR i neste rullering av kommuneplanen.

Begrunnelse:

Matjord er viktig å bevare, uavhengig av planstatus.

Fellesforslag frå H og FrP **v/Pål Undheim (H)** Endring i bestemmelsene pkt. 3.1.1.5: Estetisk utforming av bestemmelsene skal avsnittet om felt BB4 sin siste setning ha følgende ordlyd: Det skal benyttes minst to ulike materialer samt et vesentlig innslag av beplantning i eller ved fasaden.

Fellesforslag frå H og FrP **v/Pål Undheim (H)** Endring i bestemmelsene pkt. 3.1.1.1 Utnyttelse:

BK3 endres fra 5 enheter til 6 enheter.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 6 røyster medan 3 røysta for Øystein Nereng sitt forslag (SV, Sp, KrF).

Pkt. 3.1.1.5: Fellesforslaget frå Pål Undheim vart samrøystes vedatt.

Pkt. 3.1.1.1: Fellesforslaget frå Pål Undheim vart vedtatt med 5 mot 4 røyster (Ap, KrF, Sp, SV).

ULK - 020/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner forslag til Detaljregulering for bustader på Ree, plan 0560, med plankart datert 22.01.2026, føresegn datert 09.02.26 og planomtale datert 26.01.2025 med følgjande endringar i bestemmelsene:

- *Pkt. 3.1.1.5 Estetisk utforming av bestemmelsene skal avsnittet om felt BB4 sin siste setning ha følgjande ordlyd: Det skal benyttes minst to ulike materialer samt et vesentlig innslag av beplantning i eller ved fasaden.*
- *Pkt. 3.1.1.1 Utnyttelse: BK3 endres fra 5 enheter til 6 enheter.*

Vedtaket er gjort i medhald av pbl. § 12-12.

Det skal inngåast utbyggingsavtale mellom Time kommune og utbyggjar etter at reguleringsplanen er vedteken. Avtalen skal regulere opparbeiding og finansiering av offentlege og private kommunaltekniske anlegg innafor og i tilknytning til planområdet.

021/26 : Endring av plan 0076.00 Lye sentrum - tilbygg til Lyehallen

Kommunedirektøren si innstilling

Utval for lokal utvikling godkjenner forslag til endring av Plan 0076.00 Lye sentrum, plan 0108.00 Busetnads- grøntplan, plan 0161.00 Reguleringsplan for tomt til ny skule på Lyefjell og plan 0209.00 Del av Lyefjell senter vest for idrettsanlegget og skulen. Plankart for endring er datert 29.01.2026, med bestemmelser, datert 05.02.2026.

Kommunedirektøren foreslår at bestemmelsene suppleres med følgende punkt om estetikk: Bygningane skal ha ei utforming som gjer at dei ikkje blir for dominerande i området og i landskapet. Val av utforming av fasadar, material- og fargebruk skal bidra til å dempe opplevinga av større bygningsvolum.

Vedtaket er gjort i medhold av § 12-14 i plan- og bygningsloven.

Utval for lokal utvikling

Endringsforslag frå **Signhild Stave Samuelsen (Sp)**

Utval for lokal utvikling godkjenner forslag til endring av Plan 0076.00 Lye sentrum, plan 0108.00 Busetnads- grøntplan, plan 0161.00 Reguleringsplan for tomt til ny skule på Lyefjell og plan 0209.00 Del av Lyefjell senter vest for idrettsanlegget og skulen. Plankart for endring er datert 29.01.2026, med bestemmelser, datert 05.02.2026.

Bestemmelsane vert supplerte med følgjande punkt om estetikk: Bygningane skal ha ei utforming som gjer at dei ikkje blir for dominerande i området og i landskapet. Val av utforming av fasadar, material- og fargebruk skal **i hovudsak** bidra til å dempe opplevinga av større bygningsvolum, **men det er opning for at klatrehall-delen kan oppførast i profilfargane til Lye IL.**

Vedtaket er gjort i medhold av § 12-14 i plan- og bygningsloven.

Forslaget frå Signhild Stave Samuelsen vart vedtatt med 8 røyster medan 1 røysta for kommunedirektøren si innstilling (KrF).

ULK - 021/26 Vedtak:

Utval for lokal utvikling godkjenner forslag til endring av Plan 0076.00 Lye sentrum, plan 0108.00 Busetnads- grøntplan, plan 0161.00 Reguleringsplan for tomt til ny skule på Lyefjell og plan 0209.00 Del av Lyefjell senter vest for idrettsanlegget og

skulen. Plankart for endring er datert 29.01.2026, med bestemmelser, datert 05.02.2026.

*Bestemmelsane vert supplerte med følgjande punkt om estetikk: Bygningane skal ha ei utforming som gjer at dei ikkje blir for dominerande i området og i landskapet. Val av utforming av fasadar, material- og fargebruk skal i **hovudsak** bidra til å dempe opplevinga av større bygningsvolum, **men det er opning for at klatrehall-delen kan oppførast i profilfargane til Lye IL.***

Vedtaket er gjort i medhold av § 12-14 i plan- og bygningsloven.

022/26 : Høyring - namn på nye adresseparsellar - 0541.00 områdeplan for BL1, BLF1 og GL2 sør for Lyevegen, Lyefjell

Kommunedirektøren si innstilling

Følgjande forslag til namn på nye adresseparsellar på Lyefjell - 0541.00 Områdeplan for BL1, BLF1 og GL2 vert lagt ut på høyring.

Parsell 1: Larheivegen

Parsell 2: Sandsteinvegen

Parsell 3 Gneisvegen

Parsell 4 Konglomeratvegen

Parsell 5 Marmorvegen

Parsell 6 Grønsteinvegen

Parsell 7 Fylittvegen

Utval for lokal utvikling

Tilleggsforslag frå **Pål Undheim (H)** Ønsker alternative forslag på parsell 4 Konglomeratvegen.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 8 mot 1 røyst (Ap).

Tilleggsforslaget frå Pål Undheim vart vedtatt med 8 mot 1 røyst (SV).

ULK - 022/26 Vedtak:

Følgjande forslag til namn på nye adresseparsellar på Lyefjell - 0541.00 Områdeplan for BL1, BLF1 og GL2 vert lagt ut på høyring med tillegg i parsell 4 ønsker alternative namneforslag på parsellen.

Parsell 1: Larheivegen

Parsell 2: Sandsteinvegen

Parsell 3 Gneisvegen

Parsell 4 Konglomeratvegen (ønsker alternative namneforslag på parsellen)

Parsell 5 Marmorvegen

Parsell 6 Grønsteinvegen

Parsell 7 Fylittvegen

023/26 : Høyring - namn på nye adresseparsellar -reguleringsplan 0448.00 detaljregulering for konsentrert bebyggelse nordvest for Løberg, Lyefjell

Kommunedirektøren si innstilling

Følgjande forslag til namn på nye adresseparsellar på Lyefjell - 0448.00 vert lagd ut på høyring.

Parsell 1: Marihandvegen

Parsell 2: Gullstjernevegen

Utval for lokal utvikling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 023/26 Vedtak:

Følgjande forslag til namn på nye adresseparsellar på Lyefjell - 0448.00 vert lagd ut på høyring.

Parsell 1: Marihandvegen

Parsell 2: Gullstjernevegen

024/26 : Vegrapport 2025/2026 - status og utvikling på det kommunale vegnettet

Kommunedirektøren si innstilling

Utval for lokal utvikling tek Veirapport 2025/2026 til orientering.

Utval for lokal utvikling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 024/26 Vedtak:

Utval for lokal utvikling tek Veirapport 2025/2026 til orientering.

025/26 : Revidering av kulturprisane og Nyttårsmottakinga - Time kommune

Kommunedirektøren si innstilling

1. *Time kommunestyre godkjenner framlagt forslag til reviderte statuttar gjeldande frå 2026.*
2. *Utdeling av prisane/stipenda og heider av noregsmeistrane skal halda fram i Storstova, men med reduksjon i kostnader som går fram av saksframlegget.*

Utval for levekår

Forslag frå **Sondre U. Lokøy (V)**

Endra i statuttane for kulturprisen - Timeglasset: Avgjerd og utdeling: Endra frå "og kan delast ut kvart andre år "til "og kan delast ut kvart år".

Forslag frå **Nils Martin Sikveland (Sp)**

Endra i statuttane for heidersprisen: Heidersprisen vert liggande under Utval for levekår.

Forslag frå **Nils Martin Sikveland (Sp)**

Endra i statuttane for idrettsstipend: Aldersgrensa for idrettsstipend vert ikkje auka til 28 år.

Forslag frå **Nils Martin Sikveland (Sp)**

Endra i statuttane for kulturstipend: Aldersgrensa for kulturstipend vert ikkje auka til 28 år.

Forslaget frå Sondre U. Lokøy vart samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Nils Martin Sikveland (heiderspris) vart vedtatt med 5 mot 4 røyster(2 KrF, FrP, V).

Forslaget frå Nils Martin Sikveland (idrettsstipend) vart samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Nils Martin Sikveland (kulturstipend) fekk 2 røyster og falt (2 Sp).

Framlegget vart samrøystes vedtatt med endringar.

ULE - 013/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre godkjenner framlagt forslag til reviderte statuttar gjeldande frå 2026 med endringar:*
 - *Kulturprisen - Timeglaset: Avgjerd og utdeling: Endra frå “og kan delast ut kvart andre år” til “og kan delast ut kvart år”*
 - *Endra i statuttane for heidersprisen: Heidersprisen vert liggande under Utval for levekår. Endra i statuttane for idrettsstipend: Aldersgrensa for idrettsstipend vert ikkje auka til 28 år.*
2. *Utdeling av prisane/stipenda og heider av noregsmeistrane skal halda fram i Storstova, men med reduksjon i kostnader som går fram av saksframlegget.*

Utval for lokal utvikling

Uttalar frå Time kulturråd datert 03.03.26 og Time idrettsråd datert 04.03.26 ble lagt ved saka 04.03.26.

Forslag frå **Iren Lassen (H)** Byggeskikkprisen deles ut hvert 2.år dersom aktuelle kandidater. Ellers hvert 4.år

Forslaget frå Iren Lassen vart samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt med endring.

ULK - 025/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre godkjenner framlagt forslag til reviderte statuttar gjeldande frå 2026, med følgjande endring:*
 - *Byggeskikkprisen deles ut hvert 2.år dersom aktuelle kandidater. Ellers hvert 4.år.*
2. *Utdeling av prisane/stipenda og heider av noregsmeistrane skal halda fram i Storstova, men med reduksjon i kostnader som går fram av saksframlegget.*

026/26 : Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Utval for lokal utvikling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 026/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

027/26 : Delegerte saker**Kommunedirektøren si innstilling:**

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Utval for lokal utvikling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 027/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

028/26 : Innspel til fylkeskommunen sitt handlingsprogram for samferdsel**Kommunedirektøren si innstilling**

1. *Time kommune spelar inn desse prosjekta til fylket sitt handlingsprogram i prioritert rekkefølge:*
 - a. *Fv. 505 Omkøyringsveg Kvernelandsvegen*
 - b. *Fv 44. Forprosjekt som ser på kryssløysingar fv 44 frå Landsvegen til Orrevegen med tanke på best mogleg trafikkflyt*
 - c. *Bygging av regulerte kryssløysningar for fv 506 x fv 505 Kvernelandsvegen og fv 506 Ålgårdsvegen x Lye*
 - d. *Realisering av regulert løysing for ny fv 506 Ålgårdsvegen i Salen saman med ny veg til Åsen*
 - e. *Venstresvingefelt frå fv 44 til Hauglandsvegen*
 - f. *Mindre prosjekt: regulering av gang- og sykkelveg mellom Time kyrkje og Garborgvegen og siktutbedring ved støyvoll busstopp ved Norheimsfeltet*
2. *Andre innspel frå Time kommune:*
 - a. *Dobbeltspor på Jærbanen: Realisering av dobbeltsporet må vera regionens viktigaste prioritet i komande NTP.*

- b. *Tverrforbindelsen: Time kommune stiller seg positiv til sørleg trase gjennom kommunen.*
- c. *Finansiering: Fylkeskommunen må ikkje avgrensa lokal medfinansiering til bompengar, det kan også vere bidrag frå næringsliv eller kommunar.*

Utval for lokal utvikling

Endringsforslag frå **Signhild Stave Samuelsen (Sp)**

Stryk punkt 1a og punkt 2b

Endringsforslag frå **Signhild Stave Samuelsen (Sp)** Nytt forslag 1b:

Fv 44. Forprosjekt som ser på firefelts- og kryssløysingar fv 44 frå Lalandsvegen til Orrevegen med tanke på best mogleg trafikkflyt.

Pkt. 1a og 2b: Forslaget frå Signhild Stave Samuelsen fekk 4 røyster og falt (Sp, KrF, SV, V).

Nytt forslag 1b: Forslaget frå Signhild Stave Samuelsen fekk 2 røyster og falt (Sp, KrF).

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 028/26 Vedtak:

1. *Time kommune spelar inn desse prosjekta til fylket sitt handlingsprogram i prioritert rekkefølge:*
 - a. *Fv. 505 Omkøyringsveg Kvernelandsvegen*
 - b. *Fv 44. Forprosjekt som ser på kryssløysingar fv 44 frå Lalandsvegen til Orrevegen med tanke på best mogleg trafikkflyt*
 - c. *Bygging av regulerte kryssløysningar for fv 506 x fv 505 Kvernelandsvegen og fv 506 Ålgårdsvegen x Lye*
 - d. *Realisering av regulert løysing for ny fv 506 Ålgårdsvegen i Salen saman med ny veg til Åsen*
 - e. *Venstresvingefelt frå fv 44 til Hauglandsvegen*
 - f. *Mindre prosjekt: regulering av gang- og sykkelveg mellom Time kyrkje og Garborgvegen og siktutbedring ved støyvoll busstopp ved Norheimsfeltet*
2. *Andre innspel frå Time kommune:*
 - a. *Dobbeltspor på Jærbanen: Realisering av dobbeltsporet må vera regionens viktigaste prioritet i komande NTP.*

- b. *Tverrforbindelsen: Time kommune stiller seg positiv til sørleg trase gjennom kommunen.*
- c. *Finansiering: Fylkeskommunen må ikkje avgrensa lokal medfinansiering til bompengar, det kan også vere bidrag frå næringsliv eller kommunar.*

Eventuelt:

Kjell Olav Stangeland (Ap) peika i starten av møtet på at det til tider er høgt forfall i utvalet, og at utvalsleiaren sitt fråvær er spesielt uheldig.

Øystein Nereng (SV) informerte om at han planlegg å invitere utvalet på ein uformell tur i Kalberg-området.

Kommunalsjef Reid Ivar B. Dahl orienterte om funn frå branntilsyn ved Hognestad skule.

Det vart avdekt fleire avvik, der fleire blir vurderte som alvorlege og må rettast raskt. Midlane som er sette av til kledning og måling av skulen bør nyttast til å rette opp desse avvika først.

Det blir enten fremma eiga sak eller orientert vidare gjennom tertialrapporten om status i utbetningsarbeidet.

Arbeidet med kledning og måling kan takast seinare, etter eiga løyving i kommunestyret.